



REGIONRÅDET
VEST

INNKALLING TIL STYREMØTE

| | |
|--------------|---------------------------------|
| Stad: | Rådhuset i Øygarden, |
| Dato: | 19.sept 2016, møterom Ulvsundet |
| Tid: | 11.30-13.30 |

| | | |
|-------|--|--|
| 18/16 | Godkjenning av innkalling og referat frå sist møte | |
| 19/16 | Referatsakar <ul style="list-style-type: none">- Samling for leiinga i kommunar og regionale statsetatar i Hordaland – Solstrand 3. og 4. november- Nærpolitireforma- Vedtekta til Regionrådet i kommunestyra | |
| 20/16 | Gode Sirklar «Korleis skape eigarskap og oppfølging av dei gode prosjekta som vert gjennomført i regi av Gode Sirklar, både administrativt og politisk» ved Sverre Konrad Nilsen v Sintef | |
| 21/16 | Kystsoneplan Sak frå sist styremøte. Korleis sjå kystsoneplan i lys av arbeidet med strandsoneplan og næringsareal? Ved Gerhard Inge Storebø | |
| 22/16 | Skjønsmidlar Gjennomgang av prosjekta som fekk tildelt skjønsmidlar i 2015. Svein Fjelland, Åse Vik og Janne Mo kjem og gjev i oversikt på status i desse prosjekta. | |
| 23/16 | Ymse <u>Møteplan i Regionrådet.</u> Forslag til ny møteplan 2017, og forslag om at møte i november går ut, sjå vedlegg <u>Høyringsuttaler</u> Samarbeid mellom kommunane på ulike høyringar. | |





Referat frå styremøte

| | |
|---------------------|---|
| Stad: | Fjell Rådhus, Komitesalen |
| Dato: | 13.06.2016 |
| Tid: | 09.00-11.00 |
| Desse møtte: | Børge Haugetun (ordførar i Øygarden), Steinar Nesse (rådmann i Fjell), Stig Arne Thune (rådmann i Sund), Kari-Anne Landro (ordførar i Sund), Marianne Bjørøy(ordførar i Fjell), Siri Fahlvik Pettersen (rådmann i Øygarden). Informasjonsrådgjevar Vigleik Brekke og møtesekretær Inger Elin Litlere |
| Forfall: | |
| Andre: | Sigmund Kvernes, Christel Møvik-Olsen, Tom-Georg Indrevik, Liv Strømme |

| Nr | Sak | Konklusjonar/ansvar oppfølging |
|-------|--------------------------------------|---|
| 10/16 | Godkjenning av referat frå sist møte | Referatet vart godkjent utan merknadar |
| 11/16 | Referatsakar | <p>Referatsakar som vart diskutert – innspel på: <u>Dialogmøte mellom regionråda/kommunane, fylkeskommunen og Statens vegvesen.</u></p> <p>- Fylkeskommunen ønska møte før sommaren, men hadde ikkje moglegheit å stille 13.juni. Dei kan heller ikkje på neste møte i Regionrådet, men har eit ønske om å komme den 5.september. Då er det også rådmannsmøte.</p> <p>Konklusjon: Dialogmøtet vert gjennomført 5.september kl 11-13 i Fjell Rådhus. Viktig at kommunane har strategi og innspel klart i forkant av møtet.</p> <p><u>Tilskot til omstilling i petroleumsindustrien i Hordaland</u></p> <ul style="list-style-type: none"> - Inga søknadsfrist, kan søke heile tida. - Både offentlege og private kan søke - Diskusjon om det var noko Regionrådet burde søke på og til kva. <p>Konklusjon: Saka går vidare til Vest Næringsråd for å sjå på moglegskap for å finne felles prosjekt som kommunane kan støtte opp.</p> <p><u>Kandidat til Stiftinga Kystsogevakene</u> Region Vest stilte ikkje med kandidat til styret i kystsogevakene, dette då Fylket sin kandidat Beate Husa er frå region vest og BergensAlliansen sin kandidat, Børge Haugetun, også er frå region vest.</p> |

| | | |
|-------|--|--|
| 12/16 | Samarbeid og koordinering av reiselivssatsing. | <p>Sigmund Kvernes i Gode Sirklar orienterte om felles reiselivssatsing i « Nye Bergen Reiselivslag». Det er berre ei ein arbeidstittel, vert nok endra. Sigmund informerte om at Kysteventyret har vore eit langvarig prosjekt i Gode Sirklar og resultatet har vore at region vest har fått ei god posisjon i reiselivet i Hordaland.</p> <p>Vest Næringsråd og Kysteventyret og næringa har gjort ein kjempejobb, men det vert vanskeleg å stå aleine her ute og være bærekraftig.</p> <p>« Bergen Nye Reiselivslag» er eit resultat av arbeidet til ei arbeidsgruppe samansett av representantar frå Bergen Reiselivslag, Region Nordhordland, Region vest (v/Gode Sirklar) og Kysteventyret.</p> <p>Bergen Reiselivslag stiller med 23 årsverk som skal arbeide for heile Region Bergen (Askøy er ikkje med). I tillegg tenker ein eit halvt årsverk som skal arbeide med marknadsføring mot målgruppe, og ei stilling (førebels kalla «Kystminister») som skal arbeide med produktutvikling av betre og nye reiselivsprodukt med fokus på kysten. Ein legg også opp til nettverksgrupper med Nordhordland og Vest Næringsråd. Ein ser for seg vertsfunksjon med minst eit reiselivskontor ute i regionane, ikkje berre i Bergen.</p> <p>Økonomisk grunnlag som ligg til grunn er kr 17. pr. innbygger. Det vil sei kr 600 000 for region vest og kr 750 000 for region Nordhordland. Bergen kommune vil legge inn kr 4 millionar.</p> <p>For at dette samarbeidet skal fungere er det viktig med ei formell avtale mellom dei ulike partane og at Region vest og Region Nordhordland vert representert i styret i Bergen Reiselivslag.</p> <p>Christel Møvik- Olsen orienterte om reiselivssatsinga i samband med Sykkel-VM 2017 og om koordinering av ulike reiselivssatsingar i Region vest. Øygarden kommune har med utgangspunkt i Sykkel-VM hatt eit forprosjekt gjennomført av Gode Sirklar. Målet er å finna grunnlag for særskilt satsing på utnytting av Sykkel-VM og korleis dette kan styrkja reiselivsnæringa i regionen på kort og lengre sikt. Det pågår 3 reiselivssatsingar per no, og det har vore lite samspel mellom desse prosjekta. Det viser at ein må ha meir informasjonsflyt, unngå overlappingar, sikre forankring og få til optimal ressursbruk. Det har vore arbeidsmøter på tvers av kommunane i vår, og noko som kom fram der, var at Fylkeskommunen kan ta ei koordinerande rolle på systemnivå, mellom anna levering av kompetanseheving. Framover så skal eit forprosjekt ha mål om å konkretiserer ambisjonar og samarbeidsmål.</p> <p>Innan oktober 2016 vert det arbeidd med forprosjektet Kystopplevelser, medan hovudprosjektet vil gå føre seg frå januar 2017. Det er tenkt at IKKUS kan ha ei koordinerande rolle i dette arbeidet.</p> <p>Saka har vore til behandling, og vedteke, i kommunestyra i Fjell og Øygarden og skal behandlast i kommunestyret i Sund 13.juni.</p> <p>Det vart også drøfta litt på møtet kring IKKUS si rolle, at Askøy også er med i IKKUS og kva tilbod har region vest innanfor reiselivsnæringa. Aktuelle satsingsområdar innan reiseliv i region vest som vart nemnd: Marine næringar, dykking, fiske, padling, klatring, lokal mat og krigshistorie.</p> |
|-------|--|--|

| | | |
|-------|---|--|
| | | <p>Oppsummering og konklusjon: Regionrådet var einig om at vi kan bli betre på å koordinere og samordne oss internt. I tillegg er det og trong for ein betre organisering av reiselivet både i fylket og regionen.</p> |
| 13/16 | Kystsoneplan | <p>Gode Sirklar har utarbeidd ei skisse til prosjekt kring felles kystsoneplan. Det vart drøfta litt kring kven skal leie eit slikt samarbeidsprosjekt og når ein eventuelt skal gå i gong med å utarbeide ein felles og heilskapleg forvaltning av sjøareala. Rådmenna tilrår at det ikkje kjem ein slik plan i regi av Gode Sirklar.</p> <p>Konklusjon: Saka vert utsett til neste til neste møte i regionrådet. Regionrådet ønskjer å sjå kystsoneplanen i lys av arbeidet med strandsoneplanen og næringsareal.</p> |
| 14/16 | Interkommunalt samarbeid kring språkforenkling av brevmalar | <p>Det vart reist spørsmål om språkforenkling av brevmalar i Øygarden kommunestyre. Dette omhandlar både forbetring og forenkling av språket i saksbehandlinga. Ordførar Børge Haugetun seier at det er eit for stort og krevjande arbeid for dei å gjere åleine. Både Sund og Fjell er positive til eit slikt initiativ. Fjell er allereie aktive i arbeidet med nynorsk og kan mogeleg utvikle det arbeidet meir.</p> <p>Konklusjon: Styret er positivt til initiativet. Ein avventar ei eventuell kommunesamanslåing før ein gjer noko meir. Dersom ei fellesnemd finn ut at ein skal gjere noko med det, vert saka teke opp att.</p> |
| 15/16 | Skjønsmidlar | <p>Fylkesmannen har tildelt totalt 3,45 millionar kronar til 4 fornyings- og innovasjonsprosjekt i Fjell, Sund og Øygarden. Regionrådet prioriterte 4 sakar ved søknad. 3 av desse vart innvilga. Regionen fekk også innvilga ein søknad som ikkje var prioritert, «Regionalt barnevern samarbeid»</p> <p>Saka om tildelte skjønsmidlar 2015 og 2016 har vore behandla i rådmannsgruppa. Der vart det diskutert 2015 midlane og at ein ønskjer status på dei prosjekta som fekk midlar då. Det er og ønskeleg å følgje tettare opp dei prosjekta som fekk midlar i 2016.</p> <p>Konklusjon: Saka går vidare til møte til hausten, På møte i september vil ein invitere prosjektleiare for prosjekta som fekk midlar i 2015 til å fortelje om status og utfordringar. For prosjekta som fekk midlar i 2016 vert prosjektleiare inviterte inn i regionrådet i november.</p> |
| 16/16 | Gjennomgang av retningslinjer og vedtekter | <p>Etter at Askøy kommune melde seg ut av Regionrådet Vest med verknad frå januar 2016, måtte vedtekta endrast. Endringa er avgrensa til formuleringar om kva kommunar som er med i regionrådet.</p> <p>Retningslinjene vart også revidert, som er tilpassa dei tre medlemskommunane.</p> <p>Innspelet på møtet at avsnittet med omtale av Business Region Bergen vert teke vekk.</p> |

| | | |
|-------|------|--|
| | | <p>Konklusjon: Vedtekta og retningslinjene for Regionrådet Vest vart godkjent, med endringa om å ta vekk avsnitt som omtalar BRB. Vedlagt ligg dei godkjente vedtekta og retningslinjene.</p> <div style="display: flex; justify-content: space-around; align-items: center;"> <div style="text-align: center;">  Retningslinjer Regionrådet Vest.docx </div> <div style="text-align: center;">  Vedtekter Regionrådet Vest.docx </div> </div> |
| 17/16 | Ymse | Under ymse vart det informert frå regionrådsleiar Børge Haugetun om framtidsutsikta for Business Region Bergen, status for kommunereforma og planar om lysfest på Fjell Festning hausten 2016. |



Retningslinjer for arbeidet i Regionråd Vest

I § 1 i vedtektene for Regionråd Vest heiter det:

”Regionråd Vest er eit rådgjevande og koordinerande organ for kommunane Sund, Fjell og Øygarden. Regionrådet skal fremje forpliktande samarbeid mellom kommunane, og vidareutvikling av regionen.”

1. UTVIKLING AV REGIONEN

Felles bu- og arbeidsmarknad krev felles løysingar sett i ein større samanheng. Å sjå dei tre kommunane saman i eit eige råd, er naturleg og høveleg både ut frå historisk og framtidstretta tenking. Kommunane har ein geografisk nærleik og er einsarta på mange område. Kysten med fjordbasseng og havet i vest peikar i retning marin aktivitet og energi, men mangfaldet av aktivitet er og tydeleg.

Felles tilnærming og tenking kring overordna regional utvikling og infrastruktur er viktig og naturleg.

Kommunane har over lengre tid bygd nettverk med både formalisert og uformelt samarbeid. Utfordringane for kommunenorge når det gjeld økonomi og kompetansemessige føresetnader gjer det dessutan naudsynt å finna løysingar for samarbeid og samhandling.

Våre innbyggjarar er opptekne av dei beste løysingane, ikkje kvar dei vert gjort eller kven som gjer det. Vår oppgåve er å finne den beste løysinga sett i ein større samanheng.

2. NÆRING

Gode Sirklar med tyngdepunkt i Sund, Fjell og Øygarden, skal vere det utøvande organ for næringsutvikling i desse kommunane.

Kompetansen i næringslivet er tydeleg og viser seg ved verdsleiane aktivitet på mange områder og rikt mangfald.

3. ORGANISERING AV TENESTEAPPARATET

Framover er det viktig å leggja til grunn ei framtidstretta og godt gjennomtenkt funksjonsdeling innan kvar kommune og mellom kommunane. Fyrst og fremst lyt økonomiske realiteter og kompetanse leggjast til grunn. Når ein kommune har spesielle fortrinn framfor ein annan på eit felt, er det viktig at desse fortrinna kjem dei andre til gode. Vår oppgåve vert å nyttiggjere oss desse fortrinna til felles beste for alle dei tre kommunane. Dette opnar for, og kan føra til nye måtar å gje tenester, på tvers av kommunegrensene. Vi snakkar både om ei spesialisering og samordning.



4. STYRANDE MYNDE

Det er ordførarane som utgjer styringskompetansen i Regionrådet på bakgrunn av vedtak i eigen kommune. Rådmennene deltek på styremøta/ordførarmøta med tale og framleggsrett.

Vedtektene tilseier at prinsipielle saker skal handsamast i kvar einskild kommune.



Vedtekter Regionrådet Vest

§ 1 Føremål

Regionrådet Vest er eit rådgjevande og koordinerande organ for Fjell, Sund og Øygarden. Regionrådet skal fremja forpliktande samarbeid mellom kommunane, og vidareutvikling av regionen.

§ 2 Medlemskap

Kommunane Fjell, Sund og Øygarden er med i regionrådet.

§ 3 Regionstyret

Kommunane er representert i regionstyret med sine tre ordførarar. Regionstyret er funksjonsdyktig når 2 av medlemane er til stades.

Kvar ordførar har 1 stemme.

Varaordførar trer inn i regionstyret ved dei respektive ordførar sine forfall.

Regionstyret sin leiar og nestleiar vert vald mellom ordførarane, for 2 år av gangen.

Ved likt stemmetal tel leiaren sin stemme dobbelt.

Rådmenna i dei deltakande kommunane har tale- og forslagsrett i regionstyret sine møte.

§ 4 Sekretariat

Sekretariatet vert ivareteke av medlemskommunane. Sekretariatsfunksjonen går på omgang, med 2 års lengd i kvar kommune.

§ 5 Kontingent

Medlemskontingent vert utrekna etter ein modell med 50% flatt og 50% etter innbyggjartal.

§ 6 Vedtektsendring

Endring av vedtekta må gjerast med 2/3 fleirtal av eit fulltalig styre og godkjennast i kommunestyra.

§ 7 Utmelding

Utmelding frå regionrådet kan finna stad pr. 01.01 kvart år og vil bli gjort gjeldande frå 01.01 påfølgjande år. Kommunar som melder seg ut må stå ved sine økonomiske forpliktingar som er utrekna etter kommunen sitt folketal. Frå tidspunktet for utmelding mister kommunen sin plass i regionstyret.

§ 8 Oppløysing

Vedtak om oppløysing av Regionrådet Vest vert gjort med 2/3 fleirtal av eit fulltalig styre og etter godkjenning av kommunestyra.

Gode Sirklar AS

Sverre Konrad Nilsen

Notatet om tankar kring eigarskap og forankring

- Oppdrag pr mail 25.02:
- "Tema vert korleis sikra eigarskap og oppfølging av dei gode prosjekta som vert gjennomført i regi av Gode sirklar, både administrativt og politisk.
- Fint om du sendar eit notat om dine tankar som vert lagt som vedlegg til utsendinga innan 17. april."

Notatets inndeling

- Gode Sirklars Handlingsplan 2015-2019
- Dei "store forskningsmidlane"
- Forankring og eigarskap
- Gode Sirklars budsjett for 2016

Handlingsplan 2015-2019

- **Strategi:**
 1. ***Prioritera næringsutvikling i næringar som står for vesentleg verdiskaping i regionen***
 2. ***Tiltak og prosjekt med stort potensial for vekst og auka innovasjonsevne***
 3. ***Arbeid som bidreg til å gjere regionen meir attraktiv***
 4. ***Utvikle god samhandling og utvikling mellom utdanning og næringslivet***

Energinæringane:

- *Utvikla minst eitt forskings- og innovasjonsprosjekt i regi av GCE Subsea med regionaledeltakarar*
- *Kompetanseutvikling og omstillingsarbeid i samarbeid med HOG Energi*
- *Bidra til omstilling der det er behov for vårt bidrag*
- *Etablere prosjekter finansiert av Norges Forskningsråd i samarbeid med lokale verksemder, fortrinnsvis innan EnergiX/Petromax programmet*

Marin næring:

- *Bidra til å utvikle den marine næringa i regionen, gjerne med utgangspunkt i Sund*
- *Initiera felles prosjekt for kompetanseutvikling*
- *Lytte til næringas behov og bidra der vi kan*
-
- *Etablere prosjekter finansiert av Norges Forskningsråd i samarbeid med lokale verksemder, fortrinnsvis innan MAROFF programmet*
-

SMB

- *SMB (små- og mellomstore bedrifter innan energi- og marin næring)*
- *Bidra til vidare utvikling av VNR Verkstedgruppen*
- *Verkstedgruppen utvikles som "konsept" for utvikling av SMB*
-
- *Etablere prosjekter finansiert av Norges Forskningsråd i samarbeid med lokale verksemder, fortrinnsvis innan BiA programmet*

Dei store forskningsmidlane

- I ei tid kor næringslivet står framfør store utfordringar og omstilling er påkrevd så har gode sirklar retta sin aktivitet inn på å bidra til omstillinga gjennom konkret arbeid med næringslivet og med eit særskild fokus på å få finansiert omstillingsbehovet gjennom dei stor forskningsprogramma til Noregs forskningsråd.

Forankring og eigarskap

- **Nokre prinsipielle avklaringar:**
 - Gode Sirkalr er eit aksjeselskap eigd av dei tre kommunane. Dagleg leiar rapporterar til styret i selskapet som er politisk utnevnt. I tillegg har det vore tradisjon for at dagleg leiar informerer i dei ulike kommunestyra årleg, og oftare om ynkjeleg politisk.

Forankring og eigarskap forts.

- Strategiens pkt 1 og 2:
 - Prioritera næringsutvikling i næringar som står for vesentleg verdiskaping i regionen
 - Tiltak og prosjekt med stort potensial for vekst og auka innovasjonsevne
- Her er det snakk om prosjekt i næringslivet og i hovedsak vil dei vere forankra i dei aktuelle verksemdene og i Gode Sirklar styre (utpekt av generalforsamlinga og kor dei politiske representantane verte utpekt av kommunestyra)
- Rådmennene i kommunane får alle styrereferat frå selskapet til orientering. Det bør diskuterast om selskapet skal orientere kommunane administrativt utover dette og korleis det skal skje.

Forankring og eigarskap forts.

- I strategiens pkt 3
 - "Arbeid som bidreg til å gjere regionen meir attraktiv"
- Dette punktet kan også omfatte pkt 1 og 2, men pkt 3 handlar i større grad om prosjekt som kommunane ynkjer gjennomført for å auka attraktiviteten i regionen. Desse prosjekta kan vere i finansiert av ein kommune aleine og derigjennom skal forankringa vere i den aktuelle kommunen og sjølv sagt i Gode Sirkulars styre. Om det er eit samarbeid med fleire av kommunane så bør prosjektet vere forankra av dagleg leiar i dei aktuelle kommunane. Forankringa bør vere hos den eniningsleiar som har det administrative ansvaret for oppfølging av prosjektet

Forankring og eigarskap forts.

- 3 sentrale spørsmål for drøfting:
 1. Bør ein endra på den politiske rapportering og forankringa av Gode Sirklars prosjektar?
 - Om ein følgjer opp den årlege rapporteringa og at dei politiske representantane i styret forankrar beslutningar og vedtak i det politiske, så burde det vere tilstrekkelig.
 2. Bør ein endra på den administrative forankringa av Gode Sirklar sine prosjekt og aktivitetar?
 - Ja vi bør ha meir systematiske møter administrativt for å orientere om verksemda og for å sikre forankring og framdrift i dei konkrete prosjekta som skal vere forankra i administrasjonen.
 3. Bør Gode Sirklar være en operatør for Regionrådet?
 - Dette kan være en interessant tanke for å styrke forankringen av Gode Sirklar både politisk og administrativt. Gode sirklar bør være tilstede og rapportere som en del av agendaen i hvert regionrådsmøte. Og man bør også da ha åpning for å diskutere nye initiativ og muligheter som Gode Sirklar kan ta videre for regionrådet.

| GODE SIRKLAR AS | | Budsjett 2016 | | |
|------------------------|---|-----------------------------------|-----------------------------|---------------------------|
| | Prosjektnavn | Moglege eksterne inntekter | Forslag til Budsjett | Mål Total budsjett |
| SKN | Administrasjon | | 200 000 | 200 000 |
| SKN | Kontordrift | | 100 000 | 100 000 |
| SKN | Styrekostnader | | 150 000 | 150 000 |
| | | | 450 000 | 450 000 |
| SKN | Samhandling kommunar/Informasjon og kommunikasjon | | 200 000 | 200 000 |
| SKN | Regionalt næringsfond | 105 000 | | 105 000 |
| SKN | Etablerertjenesten | 50 000 | 50 000 | 100 000 |
| IOM | SMB Satsing | 200 000 | 200 000 | 400 000 |
| TMA | Utdanning og næring | 500 000 | 100 000 | 600 000 |
| AIK | Marin næringsutvikling | 200 000 | 140 000 | 340 000 |
| AIK | Oppfølging tiltak Øygarden | 300 000 | | 300 000 |
| TMA | Sjef i eige liv | 500 000 | 100 000 | 600 000 |
| SKN | Kysteventyret | | 50 000 | 50 000 |
| AIK | Sykkel-VM 2017 | 300 000 | 50 000 | 350 000 |
| SKN | Omstillingsprogrammet | 500 000 | 400 000 | 900 000 |
| | Sum prosjekter | | 1 290 000 | 3 945 000 |
| | Sum prosjekter og drift | 2 655 000 | 1 740 000 | 4 395 000 |
| | Kommunale bevilgninger | | | |
| | Fjell kommune | 1 000 000 | | |
| | Øygarden kommune | 500 000 | | |
| | Sund kommune | 140 000 | | |
| | Egenkapital | 100 000 | | |
| | | 1 740 000 | | |

Prosjekt som fekk tildelt skjønsmidler 2015 i Region Vest

| Prosjekt og kommunar som deltek | Tildelt midlar | Prosjektleiar |
|---|----------------|--|
| Jordmor Heim. Kommunane Fjell, Sund og Øygarden - | 100 000 | Svein.fjelland@fjell.kommune.no |
| Kunnskapstilfang til nytte for lokalmedisinsk senter. Kommunane Askøy, Sund, Fjell og Øygarden | 100 000 | Svein.fjelland@fjell.kommune.no |
| Kommunen som samskapar med frivillig og privat sektor Kommunane Askøy, Fjell, Sund og Øygarden. Nr. | 200 000 | Janne.mo@fjell.kommune.no |
| Utvikling av pilot innan habilitering og rehabilitering Kommunane Askøy; Fjell, Sund og Øygarden | 100 000 | ase.vik@oygarden.kommune.no |
| Kartlegging av eksplosivfare og miljøforureining kring Fjell Festning Fjell Kommune Berre Fjell som fekk tildelt midlar og som er deltakar i prosjektet – vert ikkje lagt fram status på dette prosjektet i regionrådsmøte. | 460 000 | Roy.hansen@fjell.kommune.no |



MØTEPLAN REGIONRÅDET VEST 2017

| MØTE | DATO | STAD |
|---|--|-------------------|
| Rådmannsmøte Styremøte | . jan (1300 -15:00) . jan (10:00 -16:00) | Fjell Fjell |
| Rådmannsmøte Styremøte | . febr (13:00-15:00) . febr (11:30 -13:30) | Fjell Øygarden |
| Rådmannsmøte Styremøte | . april (13:00-15:00) . mai (11:30 -13:30) | Fjell Sund |
| Rådmannsmøte Styremøte | . mai (13:00- 15:00) . juni (09:00-11:00) | Fjell Fjell |
| Rådmannsmøte Styremøte | . september (13:00 -15:00) . september (11:30 -13:30) | Fjell Øygarden |
| Rådmannsmøte Styremøte | . oktober (13:00 -15:00) . november (11:30 -13:30) | Fjell Sund |

Forslag til ny møteplan for 2017.

Møteplan er satt opp slik som i 2016 med møter ca 2.kvar måned. Møta vert måndagar slik som i 2016.

Tilrår at rådmennene kjem med forslag på dato.

Styremøte i november 2016 er på rådmannsmøte i september foreslått at utgår. Dette grunna kommunane er opptekne med arbeid med kommunereforma.